

Då Bjerkreim-buen trettast om sitjeplassane i kyrkja

I dei gamle papira etter Sem Austrumdal har me funne eit interessant dokument frå 1797 om koss dei skulle sitja i den gamle kyrkja på Bjerkreim. Det hadde sikkert lenge vore ein rangforskjell koss bøndene skulle sitja i kyrkja. Det var slik at dei rikaste og gjævaste bøndene skulle sitja lengst framme oppmot koret, og dei fattige, som stod lågare på rangstigen, skulle sitja lenger bak. Og kring 1790 vart det trette og spetakelse i kyrkja der dei skubba kvarandre vekk og ville sitja lenger framme. Eg heve større gard enn du, så det er her eg skal sitja, meinte dei. Så ved somme gudstenester gjekk det ei stund før dei fekk roa seg. Etter det segna fortel, var det vel då at prest Reiner ropte frå preikestolen: «Dere fra Malmey haver kommet forlangt frem! » Folk klagte på dette livet til prest Reiner og hr. Kirsebom, som då åtte kyrkja, og Reiner skreiv då til det «Høje Stift» om at «stolerne i Birkrems Kirke maatte omlægges», og det «Høje Stift» gav lov til dette.

Den 6. juli 1797 møtte prest Reiner, Kirsebom, lensmann Lars Mortensen Sveta og andre i Bjerkreim fram til kyrkja. Dei bestemte der kor kvar bonde med kona skulle sitja. Presten skreiv det ned, så no har me lista over alle bøndene i Bjerkreim og veit kvar dei sat. men han skreiv ikkje kva konene deira heitte, det var Villien Kleppelids kone, Willads Birkrems kone, Rasmens Nordre Tængesdahls kone osv.

MENNENE SKULLE

som før sitja på høgre side der sola varme og konene på venstre side der det var kaldare. I kyrkja var der 3 stolar (benker) i koret, og nede i kyrkja var det 16 stolar på mannsida og 17 på kvinnesida der det var plass til 13 - 16 i kvar stol. For kvar stol (benk) var det ei lita dør med nummer på. På mannsida var det altså nr. på dørene frå nr. 1 til nr. 16 og på kvinnesida frå nr. 1 til 17. No vart det bestemt kvar i stolane dei skulle sitja. Altså: Omund Assey skulle sitja i stol 3 på sete 3 og Omund Asseys kone i stol 3 sete 5, Gunder Veen i stol 5 sete 2 og Gunder Veens kone stol 5 sete 4, ytre Kalveskogs Mandens kone stol 7 sete 8. Den som kom lengst bak var Enken i Hadvarshom stol 17 sete 11. Såleis fekk kvar mann og kone ein bestemt plass å sitja.

DEI GJÆVASTE

fekk sitja i dei tre stolane i koret, og den gjævaste av dei alle var Erich Løberac, son til Trond Lauperak, han skulle sitja i stol nr. 1 sete nr. 1, og Erich Løberachs kone i stol 1 sete 1. Så valde dei den myndigaste i kvar stol til formann. Det er ikkje godt å vita kva han skulle gjera. Han skulle vel passa på at der var ro, at kvar sat der han skulle sitja, og kanskje dunka litt borti den som hadde sovna. Det var sjølve lensmannen som skulle passa på dei rike bøndene i stol nr. 1 i koret. Konene hadde ingen formann, kanskje skulle formannen passa på konene i sitt tilsvarande stol nummer og sjå etter at dei sat fint. Så står det i skrivet hans prest Reiner: «Stoel No 2, blive Een og

alle til de Militaire.» Dette viser at det var ein del soldatar i Bjerkreim då. I den tida var det krig og uro nede i Europa, og me veit at det ekserserte soldatar på Bjerkreims-mona innanfor kyrkja.

OG SÅ STÅR DET I SKRIVET

«Den 16. el: nederte Stoel, bliver efter Almuens godhet overladt til alle huusmænd – ». Av dette ser me at husmennene hadde ingen rett til å sitja i kyrkja, men av «Almuens godhed » fekk 12-13 husmenner lov å setja seg, men alle dei andre måtte då stå nede ved døra under heile gudsteneste, kanskje dei sette seg på golvet når føtene vart for trøytt.

Og så står det noko som er endå fælare: «som Altsaa ej maa fortrænge gaardemændene i deres stole.» Dette må vel tolkast slik at viss nokre bønder ikkje møtte fram i kyrkja, så måtte ikkje husmenner setja seg i dei tome plassane, for husmennene måtte ikkje sitja mellom bøndene. Nei, plassane skulle stå tome og husmennene skulle stå attmed døra! Ei gamal kone på Vikeså sa ein gong: «*Du stora gru på denne joræ så biratne dei førr'e va mæ dei så va på legd*». Det same kan me seie om så stygge og slemme dei var med husmennene. Det var sanneleg ikkje mykje broderkjærlyghet og kristeleg medkjensle blant kyrkjelyden i gamle dagar.

DÅ DEN NYE KYRKJA

på Bjerkreim stod ferdig i 1835, hadde dei dører for benkene med nummer på, og då sette dei seg i same stolane etter nummer som dei hadde i den gamle kyrkja. I 1842 vart det vedteke på nytt kvar dei skulle sitja. Heretter sat dei som åtte gardar som før, lengst framme, bakom dei sat handverkarane og andre som ikkje åtte gårdar , og i stolane nede ved døra sat husmennene eller dei sat på galleria der ungdomen heldt til. Denne skikken heldt seg nøye i 1840-50 åra, men sidan vart dei meir slarvne og brydde seg lite om kvar dei sette seg. Og i 1871 vedtok heradstyret at «kirkens stolsteder skal være frie for alle kirkesøkende», så no kunne dei setja seg kvar dei ville – husmennene og. Men lenge etter, bortimot århundreskiftet, sette mange seg i dei gamle stolane som fedrane deira hadde sete i sidan 1797. Og enno, den dag i dag, set dei fleste mennene seg, etter gamal vane, i sør – der det er solskin, og kvinnene set seg i nord, – der det er meir skugge.

Jørgen Skjæveland

Artikkelen er hentet fra Bjerkreim Bygdablad nr. 4-1985

Aaland Gård, januar 2011
Paul Tengesdal